

## I lag kan vi skape

Vi kan skape ein ny kommune i Sogn- Vossaregionen. Ein ressurssterk kommune med gode løysingar for framtida.

## Kva skjen?


Stortinget har vedteke å gjennomføre ei reform der kommunane innan 30. juni skal vedta om dei vil etablere ein ny større kommune i lag med nabokommunar. Fylkesmannen skal innan 1. oktober gje si tilråding og Regjeringa legg så fram forslag for handsaming i Stortinget våren 2017.

## Regjeringa sitt mål

for ny kommunestruktur er:

1. **Styrka lokaldemokratiet og gje større kommunar fleire oppgåver.**
2. **Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane.**
3. **Berekraftige og økonomisk robuste kommunar.**
4. **Heilskap og samordning i samfunnsutviklinga.**

I 2016 har kommunestyra i Aurland, Vik og Voss godkjent intensjonsavtale om



å byggje ein ny storkommune, Voss, med verknad frå 1. januar 2020. Kommunen vil ha knappe 19 000 innbyggjarar.


## Kva meiner du?

Det er no du som innbyggjar kan sei di meining. I kommunane Aurland og Vik skal det gjennomførast rådgjevande folkerøysting den 23. mai. Voss kommune gjennomfører spørjeundersøking gjennom telefonintervju i tida 4.-23. mai. Resultatet av denne undersøking vert offentleggjort etter kl 20.00 den 23. mai. Du kan lese Telemarksforskning si utgreiing, intensjonsavtalen mellom kommunane og anna informasjon på kommunane sine nettsider. Vi håpar du vil engasjere deg!

## INFORMASJON



Design / Illustrasjon: Logolink - www.logolink.no  
Foto: Svein Ulvund: 1, 3, 4, 10, 12. Erik Østlie: 5. Benjamin Hjort: 6. Erik Høise: 8. Visit Flåm/Morten Rakke: 9. Visit Flåm/Jonny Akselsen: 11.



# Gode åleine - betne i lag!

Kommunereforma



# Kva seier intensjonsavtalen?

## Nye Voss kommune skal:

- Sikre eit sterkt lokaldemokrati.
- Levere gode og likeverdige tenester i heile den nye kommunen.
- Ha evne til å ta på seg større oppgåver.
- Vere ein berekraftig og økonomisk solid kommune.
- Skape vekstkraft i eit variert næringsliv i heile den nye kommunen.
- Vere fremst i landet på reiselivet og sikre berekraftig vekst i Nærøyfjorden verdsarvområde.
- Den nye kommunen skal arbeide for å halde oppe og styrka etablerte offentlege og private verksemder og vere ein attraktiv kommune for lokalisering av bedrifter og institusjonar.
- Styrke posisjonen som ein av dei mest attraktive idretts- og kulturkommunane i landet.

## Vik



**FOLKEMØTE:**  
Vik kommune har folkemøte i Blixhalli 11. mai kl. 19.00.

For meir informasjon:  
[www.vik.kommune.no](http://www.vik.kommune.no)



## Voss

Spørjeundersøkinga vert gjennomført av Opinion over tlf. 73 10 21 00.

**FOLKEMØTE:**  
Voss kommune har folkemøte 3. mai kl 19.00 i Voss kulturhus.

For meir informasjon:  
[www.voss.kommune.no](http://www.voss.kommune.no)





## Samfunnsutvikling

Når planane om ny tunell gjennom Vikafjellet og planar om forbetringar av E16 vert realisert, vil dette føra til at kommunane vert knytt tettare saman i ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion.

Aksen i retning Voss og Bergen blir oppfatta som viktig for framtidig utvikling av næringsliv og turisme både i Aurland og Vik, og fleire meiner òg at kommunesamanslåing vil føra til at desse samferdselsprosjekta vil få høgare prioritet.

Ei styrkja samfunns- og næringsutvikling er den viktigaste effekten av ein større kommune. Dei tre kommunane har fellesinteresser særskilt knytt til samferdsle, kraftutbygging og reiseliv.



## Samferdsel

Den nye kommunen skal vere pådrivar særskilt for desse samferdsleprosjekta:

- Realisering av Vikafjellstunnelen.
- Realisering av rassikring og utbygging E16 Aurland-Voss.
- Realisering av K5 alt. for veg/bane Bergen- Voss.
- Prioritere aust-vest alternativ over Hemsedal.

## Aurland

**FOLKEMØTE:**  
Aurland kommune har folkemøte:

27/4 kl 17.00 Gudvangen (Ungdomshuset på Skjerping)  
27/4 kl 19.00 Undredal (Undredal skule )  
28/4 kl 17.00 Flåm (Flåm samfunnshus)  
28/4 kl 19.00 Vassbygdi (Ungdomshuset i Vassbygdi)  
9/5 kl 18.00 Aurland (Kommunestyresalen, rådhuset)

For meir informasjon:  
[www.aurland.kommune.no](http://www.aurland.kommune.no)

